



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 01.09.2015
Vår ref.: 2015/8242-2
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 15/1500 - 15/8917

Varsel om kulturhistorisk synfaring - søknad om bygging av landbruksveg - gnr 36 bnr 5 - Håland - Radøy kommune

Viser til brev datert 11.08.2015 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innafor det aktuelle arealet, men det er tidligare gjort funn av ei trinnøks frå steinalder på Håland. Området har også topografiske trekk som gjer at det er potensiale for nye funn frå steinalder. Det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje endeleg fråsegn i saka. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er trong for ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 9. Synfaringa vert gjort så raskt som råd.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.